

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/19	Formannskapet	PS	16.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arne Eikefet	19/1375

Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025 – høyring og offentlig ettersyn

Vedlegg :

Temaplan VVA Lindås 2019-2025_utkast 030519Vedl 1 Vann_A1_120419Vedl 2 Avløp_A1_120419

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Temaplan for kommunal infrastruktur vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i 3 veker

.....

Formannskapet - 037/19

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Temaplan for kommunal infrastruktur vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025 blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i 3 veker

.....

Saksopplysningar:

Saka skal handsamast i formannskapet og leggjast ut til offentlig ettersyn før endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre.

Bakgrunn

I tråd med kommunen sin planstrategi er det utarbeidd ein temaplan for kommunal infrastruktur i Lindås 2019-2025. Planen er ei oppdatering og samordning av eksisterande planar for vassforsyning, avløpshandtering og kommunale veganlegg. Planen presenterar status for tenesteområda, langsiktige målsetjingar og foreslår tiltak for å nå måla.

Tenesteområda skal fremja folkehelse gjennom tilgang til nok drikkevatt av god kvalitet, ei hygienisk avløpshandtering som tek vare på godt miljø, samt tilrettelegging for trygg ferdsel, fysisk aktivitet og framkomelegheit på kommunale veganlegg.

Temaplanen er ein fagplan som sorterar under kommuneplanen i plansystemet. Kommuneplanen sine strategiar har vore styrande for arbeidet, og planar for sikring og utvikling av infrastrukturen er samordna med pågåande rullering av kommuneplanen sin arealdel. Ambisjonsnivå og strategiar er underlagt forventa utvikling i Lindås, overordna planar, lovpålagte krav og andre rammevilkår.

Frå 2020 vert Lindås slått saman med Meland og Radøy kommune til nye Alver kommune. Temaplanen er ein overgangsplan som gjeld kommunal infrastruktur i Lindås og vil vera eit verktøy for å sikra kontinuitet i arbeidet med desse tenesteområda i overgangen til ny kommune. Planen peikar også på moglegheiter for samspel og utnytting av dei tekniske anlegga over dagens kommunegrenser og tilrådingar for samordning av forvaltningsoppgåver i Alver.

Vurdering:

Temaplanen er bygd opp med ei beskriving av utfordringar, mål, strategiar og tiltak for områda vatn, avløp og veg. Beskrivinga tar utgangspunkt i Lindås, men kjem med klare anbefalingar på kva Alver kommune bør og kan prioritere vidare. Det er også lagt inn eit framlegg til investeringsprogram for kvart av områda i perioden 2020 - 2025. Temaplanen er utforma slik at tekstdelen skal ha lang varigheit, medan tiltaksliste og investeringsprogram for kvart tenesteområde kan rullerast årleg.

Ved prioritering av investeringstiltak er det lagt vekt på å møta myndigheitskrav, samt at sikkerheit i eksisterande anlegg og ivaretaking av eksisterande abonnentar og næringsinteresser er prioritert høgt.

Prioritering avløp

Eit hovudfokus innan avløpshandtering i komande planperiode vil vera å oppfylle nye reinsekkrav til området Knarvik-Hilland Vest. Fortetting av busetnaden har ført til at dette området no utgjer ein geografisk tettstad med meir enn 10 000 pe, og dette utløyser strengare reinsekkrav. Andre viktige prioriteringar i perioden er miljømessig forsvarleg handsaming av avløpsvatn frå industriområdet på Mongstad, samt oppfølging av avløp i spreidd busetnad og tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland.

Prioritering vassforsyning

Innan vassforsyning angir planen blant anna nødvendige tiltak for å oppfylle drikkevannsforskriften gjennom å betre forsyningsikkerheten til fortettingsområde på Alversund-Remme, tosidig forsyning til Osterfjordområdet og ferdigstillelse av Litlås vassverk med sikring av råvannstilførsel fra Sjurset.

Fornyng av eksisterende VA-anlegg har også stort fokus i planen, inkludert vannhandsamingsanlegget ved Storavatnet vassverk,. Det vert lagt opp til å auke tilknytning av nye abonnentar til eksisterende anlegg og nyanlegg.

Prioritering veg

For veganlegg, bruer og kaier er det prioritert ulike trafikksikringstiltak og tiltak for tilpassning til forventta klimaendringar. Det er også eit mål å ferdigstille påbegynt arbeid med å ta igjen forfallet på veger og vegdekker samt å auke bruk av digitale verktøy for planlegging, drift og vedelikhald i vegforvaltninga.

Investeringsprogram og gebyrutvikling

Framlegg til investeringsprogram viser kostnadsoverslag og anbefalt tidsplan. Midlar til investeringane i 2019 ligg inne i Lindås kommune sin vedtekne økonomiplan, medan dei framlagte investeringane for 2020-2025 er tilfrådingar til Alver kommune. Ei realisering av det anbefalte investeringsprogrammet er berekna å gje ei betydeleg auke i vass- og avløpsgebyra. Endeleg konsekvens for gebyrutviklinga vil avhenga av Alver kommune sitt nye gebyrregulativ, krav frå overordna myndigheit og den nye kommunen sin samla prioritering. Endeleg investeringsnivå for perioden 2020-2025 vil verta fastlagt gjennom politisk behandling og formelle vedtak i Alver kommune.

.....